

Saksbehandlar: Sigrid Ølmheim, Plan og samfunn
Sak nr.: 20/5054-33

Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030

Rådmannen rår plan- og forvaltingsutvalet til å gje slik tilråding:

Plan- og forvaltingsutvalet rår Formannskapet til å gjere slikt vedtak:

Samfunnsplanen for Sogndal kommune 2021-2030 vert sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn slik han ligg føre, i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14.

Vedlegg:

1. FN sine berekraftsmål
2. Nasjonalt smartbyvegkart
3. Folkehelseoversikt for Vestland fylke
4. Folkehelseprofil for Sogndal kommune
5. Oppvekstprofil for Sogndal kommune

Andre relevante dokument i saka:

Orienteringar i politiske utval i desember 2020 og februar 2021

Heilskapleg ROS-analyse for Sogndal kommune, vedteken 18.02.2021

Planprogram for samfunnsplanen, vedteke 10.09.2020

Planstrategi, vedteken 18.06.2020

Visjon og verdier for Sogndal kommune, vedtekne 18.06.2020

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Når den mest overordna av alle planar skulle lagast, og når det skal vere den første samfunnsplanen for ein splitter ny kommune, så var bestillinga klar: Denne planen ville politikarar og administrasjon i Sogndal kommune lage saman med innbyggjarane. Derfor er lista for medverknad lagt høgt, og når planen no vert lagt ut til offentlig ettersyn har allereie over 400 personar brukt 11 innspelsmøte, internett, politiske fora, e-post, telefon og teikningar for å seie kva som er viktig for dei. I tillegg har stat, fylke, region, næringsliv og dei tilsette i kommunen sagt sitt. Samfunnsplanen skal også ta inn over seg den politiske ambisjonen til dei folkevalde, og er derfor tungt forankra gjennom politiske arbeidsverkstader, orienteringar og drøftingar. Samfunnsplanen er summen av alle bidraga.

2. Vurderingar og konsekvensar

Samfunnsplanen tek inn over seg både globale målsettingar og kva som er viktig for folk i heile kommunen. Derfor dreier samfunnsmåla våre seg om å gje god *livskvalitet*, vere kjenneteikna av *skaparkraft* og vere *miljømedviten*. Samfunnsmåla er eit bilete på samfunnet me ønskjer oss, og skal utgjere rammene for alt kommunen skal gjere.

Samfunnsplanen viser ikkje til alle dei lovpålagde oppgåvene til kommunen, og legg til grunn at tenestene våre skal ha god kvalitet og vere i tråd med gjeldande lovverk. Planen gir derimot retning til korleis me oppfyller samfunnsoppdraget vårt og peikar på kva område me skal rette ein særleg innsats mot.

Eit viktig premiss for planarbeidet er at planen skal verte god å ta i bruk. Samfunnsmåla er derfor vidareførte i fem satsingsområde: *Best på oppvekst, Skapt for aktiv livsstil, Kompetansemiljø i eliteserien, Fruktbare tettstader og Utviklingslokomotiv i Sogn*. Desse fem byggjer på utviklingstrekka våre, dei sterke sidene våre og gjev størst ringverknader. Kvart satsingsområde ligg innanfor ramma av dei tre samfunnsmåla livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit, og er samla sett den beste måten å nå måla våre på.

Planen legg føringar for heile kommunen sitt virke, og skal gjennomsyre administrative styringsdokument. Konkrete konsekvensar av planen er synleggjorte som prinsipp for arealdelen av kommuneplanen og som føringar for økonomiplanen.

3. Oppfølging av planprogrammet

Oppstart av samfunnsplanen og offentleg ettersyn av planprogrammet vart vedteke i kommunestyret 18.06.2020. Planprogrammet vart endeleg vedteke i kommunestyret 10.08.2020. Framdriftsplanen i planprogrammet vert følgd, med endeleg vedtak i kommunestyret i juni 2021.

Planprogrammet legg opp til utarbeiding av nye kunnskapsgrunnlag for fleire tema. Når det gjeld folkehelse er det på grunn av framdriftsplanen berre lagt opp til å lage eit forenkla kunnskapsdokument. Behovet for kunnskap no er vurdert å verte dekkja av folkehelseoversikta for Vestland, og kunnskapsdokumentet er derfor ikkje utarbeidd. Det er derimot behov for å basere framtidige planar på ei godt forankra folkehelseoversikt for Sogndal kommune.

Planprogrammet legg også opp til bustad-, tettstad- og bygdeanalysar, men planprosessen har vist at behovet for slike analysar heller ikkje er til stades no. Det er lagt opp til at det vert utarbeidd ein ny strategi for bustad, arbeid, klima og transport (BAKT), og utarbeiding av bustad-, tettstad- og bygdeanalysar vert sett i samanheng med arbeidet med strategien.

4. Opplegg for medverknad under offentleg ettersyn

Den breie medverknaden tidleg i planprosessen legg føringar for kva innspel administrasjonen kan legge opp til under offentleg ettersyn. Offentlegheita har allereie sagt meininga si, og dette ligg til grunn for planen. No ønskjer me derfor å løfte debatten kring innhaldet i dei fem satsingsområda.

For å få ein god debatt er det avgjerande at planen vert forstått. Ein digital versjon vert derfor publisert på samfunnsplanen si eiga nettside utfordrarbygda.no. Der vert det også høve til å gje innspel. I tillegg ønskjer me å arrangere nettverkssamlingar for kvart satsingsområde, opne for administrasjonen, folkevalde og offentlegheita. Samlingane vil

kunne gje svar på om innhaldet i satsingsområda er dekkande eller bør dreie i andre retningar. Ikkje minst vil samlingane kunne vere starten på varige samskapingsforum for å realisere satsingsområda.

Samfunnsplanen vert også sendt på høyring og gjort tilgjengeleg på kommunen si heimeside og i avis i minst seks veker, i tråd med plan- og bygningslova § 11-14.

5. Konklusjon

Samfunnsplanen byggjer på visjonen og verdiane til kommunen, og peikar på posisjonen vår som utfordrarbygda. Samfunnsmåla skildrar kva samfunn me ønskjer oss, og satsingsområda gjev retning gjennom konkrete resultat og aktivitetar. Slik syner samfunnsplanen veg inn i framtida og seier noko om kven me er, kvar me skal og korleis me skal komme oss dit.